

SØKNAD OM RESERVASJON AV TOMT



Eid kommune

Reservasjon gjeld inntil 3 månader utan økonomisk bindingar for kunde.

For detaljerte reglar for reservasjon av bustadtomter, sjå side 2.

SØKJER OM RESERVERING AV

tomt nr ibustadfelt.

Namn: _____

Adresse: _____ Poststad: _____

Telefon: _____ E-post: _____

Stad/dato: _____ Signatur: _____

Søknaden skal sendast til Eid kommune på e-post: post@eid.kommune.no
leverast eller sendast pr. post til Eid kommune. Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Reglar for tildeling av tomter i kommunale bustadfelt i Eid kommune.

Vedtekne i Eid kommunestyre den 29.06.1988 SAK 51/88.

1. Rådmannen har fullmakt til å tildele tomter jf. K-sak 79/90.
2. Tildeling vert gjort felt for felt ved utlysning i lokalpressa når feltet er klart for tildeling.
- 3.
- a) Tildeling av tomtene vert gjort etter søknad etter at feltet er utlyst for tildeling.
- b) Dersom fleire søkjer på same tomte, skal den fyrst innkomne søknaden imøtekomast. Ved tvilstilfelle skal det nyttast loddtrekning.
- c) Punkt 3b fråvikast dersom særlege omsyn som til dømes funksjonshemning tilseier det.
4. Tomtene kan kun nyttast til bygging av bustadhus, og kvar tomtesøklar kan kun få tildelt ei -1- tomt. Etter grunngjeven søknad kan kommunestyret fråvike denne regelen.
5. Ved søknader om kjøp av tilleggsareal i strid med planen må det først gjerast reguleringsendringar for det aktuelle området. Grendalaget i det aktuelle feltet må få høve til å uttale seg.
6. Dersom det er tungtvegande grunnar kan rådmannen tildele delar av feltet til byggjelag for samla utbygging.

Desse reglane avløyser alle andre reglar for tildeling av tomter i kommunale bustadfelt.

Ref. pkt. 3 b) Ved utlysning av eit felt stiller alle søknadar som er komne inn til den fristen som er sett i utlysninga likt, dersom fleire søkjer på same tomt vert det nytta loddtrekning.

REGLAR FOR RESERVASJON AV BUSTADTOMTER

1. Tomter i Eid kommune sine bustadfelt kan i utgangspunktet reserverast til interessentar i inntil 3 månader, utan økonomiske bindingar for søkjar.
2. Søknad om reservasjon av tomt skal skrivast på fastsett skjema med naudsynte opplysingar.
3. Melding om reservasjon vert gjort skriftleg til søkjar snarast råd etter mottatt søknad.
4. Etter skriftleg og grunngjeven søknad er det høve til ytterlegare forlenga reservasjon, til 3 månader om gongen.
5. Det er i utgangspunktet ikkje høve til å ha ei tomt reservert lenger enn 1 år samanhengande.
6. Reservasjon ut over 1 år må grunngjevast særskilt med skriftleg søknad og krev politisk godkjenning.
7. Kommunen reknar ei reservert tomt som ledig dersom det ikkje er søkt skriftleg om forlenga reservasjon eller tildeling av tomte- innan gjeven tidsfrist for reservasjon av tomte går ut.
8. Dersom annan interessent søker om tildeling av ei reservert tomt, får den som har tomte reservert 14 dagar på å bestemme seg om dei sjølv vil søkje om tildeling av tomte, og deretter gjennomføre kjøpet av tomte på vanleg måte.
9. Same søkjar kan berre ha reservert og / eller tildelt 1 tomt i gongen.
10. Omgrepet «same søkjar» omfattar alle føretak som involverer same personar i følgjande roller; eigarskap i føretak, styreleiar, dagleg leiar, styremedlem eller tilsett.
11. Unnatak for regelen om tal på tomter per søkjar kan vere dersom ein privat person (med ein slik rolle som nemnt i pkt. 10) skal kjøpe kommunal tomt for å bygge seg bustad til eige bruk. Dette må i så fall kunne dokumenterast ved heimelsoverføring av tomt og bustadhus/husvære.
12. Av bustadpolitisk grunnar kan føretak søkje / ha hand om 1 tomt i eitt bustadfelt og samstundes søkje / ha hand om 1 tomt i eit anna bustadfelt. Føretak vil dermed kunne ha eller søkje om til saman 2 tomter samstundes i kommunale bustadfelt – so lenge dei 2 tomtene er i ulike bustadfelt.
13. Før reservasjon/tildeling av ny tomt til same søkjar, må tidlegare tildelt tomt vere kjøpt, betalt og bustadbygg oppført, med bruksløyve eller ferdigattest. Dette gjeld likevel ikkje for situasjonar som nemnt under pkt. 12.
14. Dersom fleire søknader for same tomt kjem inn til kommunen på same dag, vert det utført trekking mellom søkjarane. Trekkinga vert utført administrativt av minst 3 personar, som signerar dokument for rett trekking.
15. Dersom det ligg føre særlege retningslinjer for ei tomt (jf. Reguleringsføresegner, føresetnader for utlysing av nye tomter m.m.) gjeld dette i tillegg til / før retningslinjene om reservasjon.
16. Eventuell reservasjon av fleire tomter / større tomteareal til same søkjar (f. eks. ved feltutbygging) må handsamast politisk på grunnlag av reguleringsplan / utbyggingsplan / utbyggingsavtale.

